

SHA-PLAN

Grunnlag etter prosjekteringsfasen



Stor nok til å levere – liten nok til å bry seg

 **omega** areal

Innholdsliste

Innholdsliste	- 2 -
1. GENERELT	- 3 -
2. INNLEDNING	- 3 -
3. OM PROSJEKTET	- 4 -
4. PROSJEKTFASER	- 4 -
5. FORÅNDSMELDING ARBEIDSTILSYNET	- 4 -
6. ID-KORT	- 4 -
7. ORGANISASJONS OG ENTREPRISEFORM	- 5 -
8. BELIGGENHET OG TILKOMST	- 5 -
9. SHA-ORGANISERING	- 7 -
10. FRAMDRIFTSPLAN	- 8 -
11. SPESIFIKKE TILTAK	- 8 -
12. RUTINER FOR AVVIKSBEHANDLING	- 10 -
13. OVERSIKT PERSONELLREGISTER	- 10 -

1. GENERELT

Denne SHA-planen er utarbeida etter prosjekteringsfasen for prosjektet. SHA-planen vart vedlagt konkurransegrunnlaget for entreprisar, og kostnader for ivaretaking av SHA/HMS skal inngå i poster for rigg og drift. Før oppstart av arbeidet på bygge- eller anleggsplassen skal byggherren sjå til at endeleg SHA-plan føreligger. Byggherren i samarbeid med SHA-koordinator for utføringsfasen organiserer ein prosess kor alle involverte parter skal delta i oppdateringa av planen, slik at prosjektet får ein felles SHA-plan. Inkludert i dette ligger det at entreprenørane skal bidra til komplettering av risikoanalysen.

Hovudentreprenør skal være hovudbedrift og skal i samarbeid med andre arbeidsgivarar samordne prosjektets internkontroll. Alle arbeidsgivarar skal drive systematisk HMS-arbeid (dokumenterast ved framlegging av HMS-eigenerklæring) og skal sjølv innarbeide relevante deler av SHA-planen i sitt system for internkontroll iht. Internkontrollforskrifta.

SHA-planen og eventuelle endringar i denne skal være lett tilgjengeleg og gjerast kjent for alle involverte på arbeidsplassen. SHA-planen skal oppdaterast fortløpande dersom det oppstår vesentlege endringar som har betydning for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø, blant annet ved forbindelsar som medfører endringar i tidsplanen, endringar i allereie planlagde spesifikke tiltak eller når det oppstår nye risikoforhold i forhold til arbeider som kan medføre fare for liv og helse etc. Planen skal oppbevarast i seks månadar etter at bygge- eller anleggsarbeidet er avslutta.

Planen bygger på krav gitt i Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar (Byggherreforskrifta) av 3. august 2009 nr. 1028, ikrafttredelsesdato 1. januar 2010. For fullstendig beskriving av krav, vises det til forskrifta.

SHA	Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø
HMS	Helse, miljø og sikkerheit

2. INNLEDNING

Byggherren har ifølge byggherreforskrifta (BHF) ansvar for å planlegge og gjennomføre anleggsverksemda på en slik måte at sikkerheit, helse og arbeidsmiljø blir ivaretatt gjennom alle fasar.

Dette dokumentet er byggherren sin SHA-plan for prosjektet. SHA-planen skal fungere som dokumentasjon på at byggherren oppfyller sine forpliktingar og krav som framkome av Byggherreforskrifta.

Byggherren vil inngå kontrakt med entreprenør for anleggsarbeida.

Likeeins har byggherren inngått kontrakt med Omega Areal as for prosjektering.

Byggherren eller innleigd konsulent har prosjektleiing, prosjekteringsleiing og byggeleiing i prosjektet og er også SHA koordinator for utføringa.

3. OM PROSJEKTET

Prosjektet omfattar klargjøring for 24 nye bustadtomter. I klargjering inngår bygging av ca.145m veg med tilhøyrande VA-anlegg, snu hammer og parkering, samt etablering av fortau i kryss ved Jelsavegen / Sandaneset.

4. PROSJEKTFASER

Prosjektet utførast i ein fase.

5. FORÅNDSMELDING ARBEIDSTILSYNET

Byggherre sørger for at det sendes førehandsmelding til Arbeidstilsynet iht. Bhf.§9.

6. ID-KORT

Alle arbeidstakere på byggeplassen skal være utstyrt med gyldig ID-kort utstedt av Arbeidstilsynet. Kort skal bæres godt synleg. (Bhf. §10).

7. ORGANIASJONS OG ENTREPRISEFORM

Byggherre	Suldal kommune v/ Lauritz Lauritzen Eidsvegen 7 4230 Sand Kontaktperson er Lauritz Lauritzen e-post: Lauritz.Lauritzen@suldal.kommune.no
Prosjektleder	Suldal kommune v/ Lauritz Lauritzen
Byggeleder	Suldal kommune v/ Arild Vaage
SHA-Koordinator	
Rådgivende ingeniør	Omega areal AS v/Ole Martin Risanger Kvassanesvegen 4 5582 Ølensvåg olemartin@omega.no
Entreprise	Generalentreprise

8. BELIGGENHET OG TILKOMST

Forhold på byggeplassen:

Planområdet består av jomfrueleg terreng.

Tilrigging og drift av byggeplassen:

Alle fasiliteter skal tilfredsstillende arbeidstilsynets krav.

Orden, sperring og sikring:

Byggherren vil legge vekt på at arbeidsplassen til enhver tid framstår som oversiktlig og ryddig. Generelt gjelder at anleggsområde skal avsperrast og sikrast på den mest forsvarlege måte mot uhell og ulykker.

Entreprenøren plikter til ein kvar tid under anleggsperioden å rette seg etter alminnelege og spesielle påbod om sikring gitt av byggherren, arbeidstilsyn, politi, vegvesen eller andre offentlege etat eller myndigheiter som arbeidet angår.

Utførselen av slike eventuelle påbod hjemler ikkje noko økonomisk vederlag frå den som gir påbodet eller byggherren, dersom annet ikkje er spesielt avtalt.

Opprydding:

Det skal ryddast etter egne arbeider i anleggsperioden etter kvart som arbeide skrider fram. Etter at arbeidet er ferdig / før sluttsynfaring, vil byggeleder kontrollere at entreprenøren har føretatt tilfredsstillande opprydding etter sine anleggsarbeider.

Arbeidstid:

Arbeidstida ved anlegget skal generelt tilpassast gjeldande lover og regler. Entreprenøren skal ikkje arbeide utanfor ordinær arbeidstid som er:

Kl. 07.00 - 20.00

Eventuell arbeidstid utover dette må avtalast med byggeleiar.

Trafikkavvikling.

Entreprenøren er ansvarleg for all midlertidig trafikkomlegging av gangvegar og køyrefelt i heile anleggsperioden. Alle gang- og køyreareal som blir berørt av entreprenørens verksemd i anleggsperioden (*gjelder både private og offentlege areal*), skal sikrast mot anleggsverksemda. Tilkømt til eksisterande hus i området skal holdast open i heile anleggsperioden.

Arbeide skal gjerast i forståing med relevante styresmakter og einingsprisane skal inkludere alle kostnader med f.eks. varslingar, skilting, omlegging av veg /fortau/gangveg, trafikkdirigering, etablering av snuplass, vedlikehald av midlertidige tiltak inntil permanent reetablering er utført, etc.

Entreprenøren skal prise og planlegge utføringa av sine anleggsarbeidar på en slik måte at bebuaeren i minst mogleg grad blir berørt av anleggsverksemda.


Framdrift, etappevis utbygging avklarast med byggherre før oppstart. Det vises til vedlagte arbeidsvarslingsplanar. Prinsippet for trafikkavvikling må avklarast i forbindelse med oppstart. Åtkømt til anleggsarbeidet vil være via offentleg veg.

Eksisterande kablar og leidningar:

Det er entreprenørens fulle ansvar å få påvist nøyaktig plassering av kablar og leidningar før arbeidande startar opp. Likens er det entreprenørens fulle ansvar å sikre alle kablar og leidningar forsvarleg i anleggsperioden.

Entreprenøren står fritt i å velgje metode for sikring, men før arbeidande startar opp skal forslag til sikring framleggast for leidning- og kabel-eigar for godkjenning.

9. SHA-ORGANISERING



Arbeidet med SHA skal koordineres dersom det er flere virksomheter på bygge- og anleggsplassen samtidig eller etter kvarandre. For både prosjekterings- og utførelsesfasen skal byggherren da utpeike en koordinator.

10. FRAMDRIFTSPLAN

Før oppstart av arbeidende skal entreprenør utarbeide framdriftsplan for utførelsesfasen. Framdriftsplanen skal vise at dei forskjellige arbeidsoperasjonar ikkje samanfalle på ein slik måte i tid eller sted at arbeidstakarane vert utsett for fare, og skal være så detaljert at den er eit hensiktsmessig verktøy for koordinering i utførelsesfasen. Koordinert framdriftsplan mht. SHA skal vedleggas SHA plan.

11. SPESIFIKKE TILTAK

Samanstillinga under viser resultat av risikokartlegging i prosjekteringsfasen. (Byggherreforskriften § 6 og § 8.) Løypande risikovurderingar skal inngå som en del av entreprenørens internkontroll. Det inneberer blant annet at han skal foreta løypande vurdering av identifiserte risikoområder og spesifikke tiltak i SHA-planen. Videre skal han informere byggherren om risikoforhold og spesifikke tiltak som ikkje er beskrevet i planen.

	Farleg forhold	Aktuelt? (Ja/nei)	Beskrivelse av forholdet	Risikoreduserande tiltak
1	Arbeid nær installasjonar i grunnen:	Ja	Avgraving av VA-anlegg	<i>Gravemelding før oppstart.</i>
2	Arbeid nær høgspenteleidningar og elektriske installasjonar:	Ja	Fare for avgraving av eksisterande kablar.	<i>Gravemelding, opplytting av kablar Aktuelt med utkopling på grunn av nærføring.</i>
3	Arbeid på steder med passerende trafikk:	Ja	Trafikk til eksisterende gravplass/boliger i området.	<i>Arbeidsvarslingsplan og sikring iht. pålegg. Tung sikring langs grop/grøft.</i>
4	Arbeid kor arbeidstakaren kan bli utsett for ras eller synke i gjørme.	Ja	Ved arbeid i grøft.	<i>Utarbeide en SJA med dei som skal arbeide i området. Sikre grøfter mot utrasing - fortløpande vurdering.</i>
5	Arbeid som inneberer bruk av sprengstoff - Sprengning av grøfter	Ja	Sprengning for veg/grøft.	<i>SJA utarbeidast ved sprengning. Vurdere sikkerheitsavstand.</i>
6	Arbeider i sjakter, underjordisk masseforflytning og tunnelarbeid	Nei		
7	Arbeid som inneberer fare for drukning	Ja	Ved arbeid i vasskum under trykk.	<i>Steng av vatn. Stige som rømningsveg.</i>
8	Arbeid i senkekasser der lufta er komprimert	Nei		
9	Arbeid som inneberer bruk av dykkarutstyr	Nei		
10	Arbeid som inneberer at personar kan bli skada ved fall eller av fallande gjenstandar.	Ja	Lossing av rør og kummar frå bil til grøft.	<i>Operasjon utførast av kompetent personell og fareområde avsperrast.</i>
11	Arbeid som inneberer riving av bærnde konstruksjonar	Nei		

12	Arbeid med montering og demontering av tunge element.	Ja	Montering av kummar og rør.	<i>Det skal kun brukas godkjent løfteutstyr, slingser med meir. Personell skal ha dokumentert opplæring i bruk av løfteutstyr som benyttes. Unngå opphald av personell i grøft ved tunge løft. Det skal utføres SJA ved særlege vanskelege operasjonar. Bruk av personleg verneutstyr</i>
13	Arbeid som inneberer fare for helseskadeleg eksponering for støv, gass, støy eller vibrasjonar.	Ja	Normalt byggstøv og byggestøy.	<i>Bruk av godkjent maskiner / utstyr. Oppsamling av eventuelt borestøv fra rigg. Bruk av personleg verneutstyr. Arbeider i lettare forurensa masser og med spillvann: Det skal være tilgjengeleg handvask for arbeidarane og det skal nyttas personleg verneutstyr og hanskar. I tørt vær og fare for eksponering av støv så må det benyttes støvmaske eller gjøre avbøtende tiltak med vanning/salting. Godkjent tiltaksplan skal følges.</i>
14	Arbeid som utsette personar for kjemiske eller biologiske stoff som kan medføre ein belastning for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø, eller som inneberer et lov- eller forskriftsfestet krav til helsekontroll	Ja	Arbeid i forbindelse med eksisterende VA-nett.	<i>Bruk av personleg verneutstyr ved kontakt med kjemiske produkt. Rett anvendelse i forhold til produktdeklarasjon / datablad. Vaksinerings av personell som kommer i kontakt med avløpsvatn Det skal være tilgjengeleg handvask for arbeidarane og det skal benyttes personleg verneutstyr og hanskar.</i>
15	Arbeid med ioniserande stråling som krevje at det utpeikast kontrollerte eller overvake son	Nei		
16	Arbeid som inneberer brann- og eksplosjonsfare	Ja		<i>Forskriftsmessig oppbevaring av sprengstoff/tennere.</i>
17	Arbeid med djupe grøfter - Utrasing av grøftesider - Nedsetting av kummer	Ja	-Utrasing av grøfteside. - Nedsetting av kummar.	<i>Vurdere grøftemassene i forhold til utglidning. Avstand frå grøftkant ved lagring av oppgravde masser og tunge kummer. Sikre grøftesider iht. arbeidstilsynet sin forskrift om graving og avstiving av</i>

				<i>grøfter. Unngå opphald i grøft ved nedheising av tunge rør og kummer, og transport langs og nær grøftekant. Bruke stige i grøfter, for sikker evakuering frå grøft. Ved operasjonar i grøft (f.eks. sveising) skal det være ekstra personell tilstede.</i>
18	Arbeid med trykksatt utstyr, trykkprøving av rør.	Ja	Ved brudd i f.eks bolter, sveis etc.	<i>Ikke oppholde seg i umiddelbar nærhet av trykksatt ledning.</i>

12. RUTINER FOR AVVIKSBEHANDLING

Alle på bygge-/anleggsplassen har et ansvar for å rapportere avvik frå denne planen. Avvik skal rapporterast skriftleg til koordinator for utførselen, som rapporterer vidare til byggherre, hovedbedrift og de entreprenørane som påverkast av avviket.

Med avvik meinast i denne samanhengen endringar i planer, konstruksjonar, framdrift, sikringstiltak el. som kan påverke sikkerheit, helse og arbeidsmiljø i anleggs/byggeperioden.

SHA- koordinator syter for at risiko knytta til avviket blir vurdert, og at det blir gjort nødvendige oppdatering av SHA-plan, framdriftsplan og sikkerhetstiltak.

Melding og oppfølging av avvik skal dokumenterast skriftleg, herunder kven som har ansvar for oppfølging og kva tiltak som skal gjennomførast.

VARSLING VED UHELL / ULYKKER MED ALVORLIG PERSONSKADE

Ambulanse	Tlf. 113
Brann	Tlf. 110
Politi	Tlf. 112
Arbeidstilsynet	Tlf. 815 48 222

13. OVERSIKT PERSONELLREGISTER

I henhold til Byggherreforskrifta § 15 skal det som ledd i koordineringa føres oversiktslister over alle som utfører arbeid på bygge- eller anleggsplassen. Oversiktslista skal føres og kontrollerast dagleg.